

eller  
som no er,  
til, men de høyrer  
Gud til. | 1 KOR 3,18-23  
Slik lyder Herrens ord.

Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

**I** FENGSELET FEKK JOHANNES høyra om alt Kristus gjorde. Han sende bod med læresveinane sine og spurde: «Er du den som skal koma, eller skal vi venta ein annan?» Jesus svara: «Gå og fortel Johannes kva de høyrer og ser:

Blinde ser, og lamme går,  
spedalske blir reine, og døve høyrer,  
døde står opp, og den gode budskapen blir forkynt  
for fattige.

Sæl er den som ikkje fell ifrå på grunn av meg.»

Då dei gjekk bort, tok Jesus til å tala til folket om Johannes: «Kva gjekk de ut i øydemarka for å sjå? Eit sivstrå som svaier i vinden? Nei! Kva gjekk de ut for å sjå? Ein mann med fine klede? Dei som går i fine klede, held til i slotta hos kongane. Kva gjekk de då ut for å sjå? Ein profet? Ja, eg seier dykk: meir enn ein profet! Det er om han dette er skrive:

Sjå, eg sender min bodberar føre deg,